

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 6/16-17

Møtedato 21.02.17



## Referat 6/16-17

**Tid** 21. februar 2017 kl 16.30-18.15

**Stad** Strøm 243

**Til stades med** **AHL:** Trym Nikolas Rimmen (H), Nikolai Bjørnevik Flisnes (H)

**stemmerett:** **AKF:** Herman Bjørneset Jensen (H), Bettina Indgjerd (V)

**AMF:** Pernille Røe (H)

**ASH:** Magnus Schalde (V), Pål Jonas Eimhjellen Mundal (V)

**FR:** Toril hagen (H), Connie-Marita Hanssen Karlsen (V)

**Til stades utan** **AU:** Karoline Strand (leiar), Lisa S. Kalvø (nestleiar), Håvard Bjørnerem

**stemmerett:** (infoansvarleg), David Fiskaa (velferdsansvarleg), Marie Havnsund (entr. og næringslivskoordinator)

**Kontrollkomitéen:** Serghei Levcenco, Eirik Nybø

**Andre:** Nikolai Hannevik Nordlid (ordstyrar), Marit Aklestad (referent)

### Sakliste:

Sak 36 – Val av ordstyrar og teljekorps
Sak 37 – Godkjenning av innkalling og referat
Sak 38 – Godkjenning av sakliste og dagsorden
Sak 39 – Orienteringar
Sak 40 – Tilleggspunkt til forretningsorden
Sak 41 – Årsmelding 2016
Sak 42 – Revidering av vedtektene til studentprisen
Sak 43 – Val av stud.repr. frå SiVolda til juryen for studentprisen
Sak 44 – Høyring: styringsmodell HVO
Sak 45 – Endring av møtedato april
Sak 46 – Tillitsvalde ved HVO
Sak 47 – Ymse

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 6/16-17

Møtedato 21.02.17



## Sak 36 – 16/17 Val av ordstyrar og teljekorps

---

Arbeidsutvalet innstiller Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Arbeidsutvalet innstiller Serghei Levcenov og Eirik Nybø som teljekorps.

### **Vedtak:**

Studenttinget vel Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Studenttinget vel Serghei Levcenov og Eirik Nybø som teljekorps.

## Sak 37 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

---

Ingen merknader.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner innkallinga og referatet.

## Sak 38 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

---

Ingen merknader.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden.

## Sak 39 – 16/17 Orienteringar

---

Arbeidsutvalet v/ Karoline Strand informerer om bl.a. følgjande:

- AU skal sjå nærare på samansetjinga av AU. Dette blir også sak på neste studenttingsmøte.
- Dato for workshop med studenttinget blir 4. april 16-18.30
- Nominasjon til høgskulestyret byrjar 22. februar og varer fire veker.
- SiVolda har fått midlar frå myndigheitene til 120 nye studentbustadar. Byggjestart er tenkt 2017.

Nikolai Hannevik Nordlid orienterte frå høgskulestyret. Dei skal gjere vedtak om framtidig styringsmodell på møtet 8.mars.

**Vedtak:** det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker

## **Sak 40 – 16/17    Tilleggspunkt til forretningsorden**

Type sak:                    Vedtakssak  
Sakshandsamar:        Håvard Bjørnerem

---

AU ser behov for ei presisering i forretningsorden om kva saker det skal gjerast vedtak i. AU legg difor fram framlegg til tilleggspunkt.

### **Forslag til vedtak:**

Studenttinget legg til fylgjande tilleggspunkt i forretningsorden:

«I Studenttinget har vi tre ulike typer saker: orienteringssaker (O), diskusjonssaker (D) og vedtakssaker (V).»

«I diskusjons- og orienteringssaker gjer ein vanlegvis ikkje vedtak. Orienteringssaker blir tekne til vitende. Diskusjonssaker vert oppsummerte i møtereferatet, der sekretariatet samanfattar dei ulike sidene som kom fram i debatten. Ynskjer ein likevel å gjere vedtak i ei diskusjons- eller orienteringssak, krev det 2/3 fleirtal. I eventuelt/ymse-saker er det ikkje høve til å gjere vedtak, men ein kan be om at saka kjem på sakskartet på neste møte.

**Vedtak:** dei nye punkta går inn i forretningsorden.

## **Sak 41 – 16/17    Årsmelding 2016**

Type sak:                    Vedtakssak  
Sakshandsamar:        Lisa S. Kalvø

---

Lisa S. Kalvø legg fram årsmeldinga for 2016.  
Ingen merknader.

**Vedtak:** studenttinget godkjenner årsmeldinga for 2016.

## **Sak 42 – 16/17    Endring av vedtektene til studentprisen**

Type sak:                    Vedtakssak  
Sakshandsamar:        David Fiskaa

---

Vedtektene til studentprisen vart sist revidert i april 2015. AU legg fram forslag om å opne vedtektene for mindre, redaksjonelle endringar. AU legg også fram forslag om å endre samansetjinga av juryen til studentprisen.

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 6/16-17

Møtedato 21.02.17



## **Vedtak:**

Arbeidsutvalet får mynde til å gjere mindre, redaksjonelle oppdateringar i vedtektene for studentprisen.

Samansetjinga av juryen for studentprisen vert endra ved at nestleiar i STiV går ut av juryen og assisterande direktør for SiVolda overtek plassen.

## **Sak 43 – 16/17 Val av studentrepresentant frå SiVolda til juryen for Studentprisen 2017**

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Marie Havnsund

---

Studenttinget skal velje ein studentrepresentant frå styret i Studentsamskipnaden i Volda til juryen for studentprisen 2017. Både hovudrepresentantar og vararepresentantar er valbare.

Studenttinget kan såleis velje mellom følgjande personar: Tormod Daae Smedsvig, Karoline Strand, Natalia Ramirez Garcia, Tormod Malvin Sæter, Håvard Bjørnerem og Joanna Antoniak.

**Vedtak:** Natalia Ramirez Garcia vert vald til juryen for studentprisen 2017

## **Sak 44 – 16/17 Høyring: styringsmodell for HVO**

Type sak: Diskusjonssak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

---

Karoline Strand orienterer om saka om styringsmodell for HVO, altså vald eller tilsett rektor, som skal opp på møte i høgskulestyret 8. mars. Ho opplyser også om resultatet frå spørjeundersøkjinga som har blitt gjennomført blant tilsette og studentar no i februar.

Studenttinget kjem med innspel til høyringssvaret, og gjev AU og sekretariatet i oppgåve å ferdigstille svaret i tråd med innspela frå møtet.

Høyringssvar:

Volda, 22.02.17.

## **Høyringssvar frå Studenttinget i Volda til saka om framtidig styringsmodell ved HVO – vald eller tilsett rektor**

Studenttinget gjorde vedtak i denne saka på møte 26. oktober 2016 (sak 14-16/17), etter først å ha hatt saka oppe som drøftingssak på ekstraordinært møte 12. oktober 2016. Vedtaket frå dette møtet ligg ved som vedlegg i høyringssvaret vårt.

Innleiingsvis vil Studenttinget understreke at valet av styringsmodell ikkje utelukkande handlar om vald eller tilsett rektor. Studenttinget forstår det slik at vald eller tilsett rektor på toppen ikkje nødvendigvis får så stor konsekvens for den enkelte student, om ikkje resten av organisasjonen vert endra. Studenttinget vil difor be høgskulestyret ta omsyn til dette og leggje opp til ein heilskapleg gjennomgang av heile institusjonen ved ei eventuell omlegging.

## **1. Ved HVO er ein er godt kjend med vald leiing, ein ønskjer at de kjem med vurdering/tilbakemelding på fordeler og ulemper med dagens modell.**

Studenttinget ser både føremoner og ulemper ved dagens modell. Av føremoner kan dagens modell med vald leiing sikre kjennskap til institusjonen, sidan ein vald rektor i dei fleste tilfelle kjem frå institusjonen og ikkje utanfrå. Vedkomande har då gjerne høg fagleg erfaring og kunnskap om institusjonen. Av ulemper vektlegg studenttinget at dagens modell fører til at rektor får ei dobbeltrolle som både styreleiar og rektor. Dagens modell kan også føre til favorisering av ei bestemt avdeling, dersom rektor tidlegare har vore tilsett der. Studenttinget viser også til at stemmene til studentane ikkje tel like mykje som til dømes dei tilsette ved gjennomføringa av rektorval.

Ei ulempe ved dagens modell er at få stiller til val, og at institusjonen såleis ikkje har eit reelt valalternativ. Samstundes kan valkampanjen gjere at studentar og tilsette blir betre kjende med dei ulike kandidatane.

## **2. Vi ynskjer og vurdering/tilbakemelding på fordeler og ulemper ved tilsett rektor.**

Ved tilsett rektor oppnår ein eit klart skilje mellom styreleiar og rektor, og med det ei jamnare maktfordeling. Ein kan lettare sikre fleire kandidatar og breiare kompetanse med tanke på fleire søkjarar, også utanfrå institusjonen. På den andre sidan kan ein risikere ein meir byråkratisk modell, der fokuset på det faglege kan bli svakare, medan det administrative kan bli sterkare vektlagt.

Ved tilsett rektor kan ein oppnå at fleire søker til stillinga, og stillinga kan bli meir attraktiv. Ulempen kan vere at ein ekstern, tilsett rektor ikkje kjenner dei interne behova til institusjonen godt nok. Dette vil også kunne gjelde ein ekstern styreleiar, men samstundes vil styret uansett ha ei slik samansetning at kunnskapen om institusjonen vil vere ivaretatt.

## **3. Eit sentralt spørsmål i vurderinga er om ein kan oppnå fordeler/forbetringar ved bytte av styringsmodell, eller om det er betre å oppretthalde dagens modell ved val**

Studenttinget er usikre på om ein vil oppnå ei betre maktfordeling og ei ryddigare styring ved tilsett rektor, eller om det er ryddig nok slik det er i dag. Studenttinget er også usikre på om studentane får meir å seie i tilsetjingsprosessen dersom ein fjernar valet. Studenttinget forventar då å bli inkludert i eit tilsetjingsutval.

Studenttinget spør seg om ein tilsett, ekstern rektor vil ha større endringsvilje enn ein vald, noko som kan vere ei føremon. Men dette kan gå begge vegar. Også interne, valde kandidatar kan ha steke ynskje om endring.

Studenttinget lurar også på om endring av styringsmodell vil påverke lønnsutviklinga til leiinga.

**4.) Vi ønskjer tilbakemelding på/tankar om innføring av tilsett rektor vil føre til at administrativ leiing og dagleg drift blir prioritert framfor fagleg leiing, eller omvendt.**

Studenttinget trur at begge modellane potensielt kan føre til prioriteringar både i den eine og den andre retninga, uavhengig av modell. Ser vi på andre institusjonar med tilsett rektor, har det faglege vorte ivareteke der, så faren for ei slik feilprioritering vil nok vere lita uansett modell. Det handlar om kva som er i høgskulen si interesse. Styret vil gi faste og klare rammer for dette uavhengig av styringsmodell.

**5.) Vi ønskjer vurderingar om kva endringar eit skifte av styringsmodell vil føre til i organisasjonen. Her kan dokumentet «Leiing, organisering og styring» vere til hjelp.**

Ei ryddigare styring vil kunne føre til meir effektivitet, slik at institusjonen lettare kan nå sine mål. Samstundes er det vanskeleg å vite kva konkrete endringar ei endring av styringsmodell vil føre til for studentane, sidan vi ikkje veit kor langt ned i systemet endringane vil kome. Høgskulen har per i dag ei ordning med tilsett dekan, og slik sett er det vanskeleg å sjå føre seg at endringane på toppen vil nå studentane. Studenttinget og studentdemokratiet vil på den andre sidan kunne merke endringar. Men studenttinget er usikre på om endringane vil vere av ein slik karakter at dei vil minske studentdemokratiet sine moglegheiter til medverknad.

**Vedlegg:** vedtak frå møte i studenttinget 26. oktober 2016, sak 14-16/17:

## **Sak 14 – 16/17 Valt eller tilsett rektor**

Type sak: Vedtaksak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

---

Vi hadde ekstraordinært studenttingsmøte for to veker sidan der dette blei diskutert. Planen i dag er å kome fram til ei einigheit om dette.

Aktiv votering

**Vedtak:** *Fleirtal for tilsett rektor*

*2 stemmer avholdande, 2 stemmer valt rektor og 7 stemmer tilsett rektor*

Grunngjeving:

- Det er større moglegheit for å få folk utanfrå til å søke. Får folk med meir kapasitet og erfaring.
- Strukturen i høgskulestyret vil sjå annleis ut. Dette er ei viktig endring som vi treng.
- Er tilsett i ei stilling og held deg til den stillinga du har fått. Ikkje fleire verv samtidig
- Da har vi ein tilsett rektor som ikkje har noko forhold til nokon avdelingar. Har eit objektivt syn.
- Vi slepper dobbeltrolla rektor får ved møta
- Mogleg det fører til auka kompetanse i rektorstillinga.
- Får ein grundig tilsettingsprosess. Vel den som er rett for jobben.

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 6/16-17

Møtedato 21.02.17



## **Sak 45 – 16/17      Endring av møtedato i april**

Type sak:                      Vedtakssak  
Sakshandsamar:              Håvard Bjørnerem

---

Studenttingsmøtet den 26. april kolliderer med dokfilmfestivalen. AU fremjar difor forslag om å endre møtedatoen til 19. april.

**Vedtak:** Studenttinget endrar møtedatoen i april til onsdag 19. april

## **Sak 46 – 16/17      Tillitsvalde ved HVO**

Type sak:                      Diskusjonssak  
Sakshandsamar:              Lisa S. Kalvø

---

AU ynskjer innspel frå Studenttinget for å nå betre ut til dei tillitsvalde. Dei tillitsvalde har ei viktig rolle som bindeledd mellom STiV, HVO og studentane. STiV arrangerer halvårlege møter, men få møter opp. Kva kan STiV gjere for å legge betre til rette for å auke deltaking og engasjement blant dei tillitsvalde?

Innspel frå studenttinget:

Organisatorisk:

- Få studentrådsmøta inn i semesterplanen, slik som fagutvala allereie gjer
- Setje dato og halde den. Klare forventningar.
- Facebookgruppe for dei tillitsvalde
- Sms-teneste som IT kan setje opp
- Be om privat e-postadresse så langt det let seg gjere
- Tillitsvaldmøte avdelingsvis eller per bygg?
- Eit møte med alle 160 er uansett ueffektivt, kanskje ta det saman med fagutvalsmøta, be om ein halvtime etter møtet. Arena der dei allereie er.

Opplæring

- Betre informasjon når det er val
- Betre informasjon til lærarar om valet og kva rolla inneber
- Betre opplæring i rolla
- Opplæring avdelingsvis, og så felles møte?

Gulrøter/pisk:

- Sjå på kva som kan motivere til høgare deltaking på møta: tidspunkt, mat, tidsbruk osv.

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 6/16-17

Møtedato 21.02.17



- Få fram info om at ein kan få attest og at det er noko å ha på cv-en. Konsekvensar dersom ein ikkje møter opp? Får ikkje attest
- Pisken med at du ikkje får attest om du ikkje møter, fungerer ikkje dersom ein ikkje veit at ein kan få attest i utgangspunktet.

**Forslag til vedtak:** det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker.

## **Sak 47- 16/17**      **Ymse**

Type sak:                      orientering/diskusjon  
Sakshandsamar:              Nikolai Hannevik Nordlid

---

Ingen saker under ymse.

*Møteslutt kl 18.15*

*Referent Marit Aklestad*